

## Referat frå rådsmøte 02. juni 2010.

Tilstades: Regionordførar Anne-Nora Oma Dahle, Olav Urbø, Torstein Tveito, Solveig S. Abrahamsen, Arne Vinje, Annveig Veum Aas.  
Hans Bakke, Hans Kristian Lehmann, Per Dehli, Sverre Sæter og Kjell Gunnar Heggenes.

I tillegg møtte Haldor Kaasin frå Vest-Telemark Næringsutvikling AS, Bjørn Halmrast og Erling Dahl frå Telemark fylkeskommune, Stein Elseth frå Fylkesmannen i Telemark, Olav Veum frå VTNF, Børge Skårdal frå AS Haukelivegen/VTNU, Eilev Instanes frå Hardangervegen AS, Gard Folkvord, ordførar i Odda kommune, Rangvald Christenson.

Møteinnkallinga og sakliste vart godkjent utan merknader.

### Sak 43/2010 Referat frå møte 11. mai 2010.

*Vedtak: Referat frå rådsmøte 11. mai 2010 vart godkjent utan merknader.*

### Sak 44/2010 Strategisk Næringsplan 2010 – 2013 for Vest-Telemark

Anne Nora Oma Dahle og Haldor Kaasin orienterte om planen.

Det var ynskje om at faktadelen i planen vart redigert som eit vedlegg til planen og ikkje som ein del av sjølve planen. Utbygging av mobiltelefonnettet bør inngå som ein del av punktet om breibandutbygginga i regionen.

Ein drøfta om planen utan tiltaksdelen burde leggest fram for Tinget. Det var semje om at planen med målsettingar og satsingsområdet var eit viktig rammeverk for arbeidet med utvikling av Vest-Telemark og såleis bør leggest fram for Tinget i juni.

Det er positivt at ein langt på veg har nådd ei felles forståing av situasjonen i Vest-Telemark og at samarbeidet med kommunane gjennom dei næringsansvarlege si deltaking i arbeidet med næringsplanen styrker næringsapparatet i regionen.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til "Strategisk næringsplan 2010-2013 for Vest-Telemark" med tanke på endeleg godkjenning i Vest-Telemarktinget 15. juni 2010. Faktadelen i planen bør leggest ved som eit vedlegg og ikkje ein del av sjølve planen.*

### Sak 45/2010 Omdisponering av skjønnsmidlar

Kjell Gunnar Heggenes orienterte om saka og understreka at han såg det nye prosjektet som eit godt samarbeidstiltak i "skjønnsmidlanes ånd".

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget som inneber omdisponering av kr. 250.000,- i skjønnsmidlar frå 2006 til dei 3 prosjekta:*

- 1. Kraftverk for kompetanse i Vest-Telemark*
- 2. Tverrfaglege kompetanseteam*
- 3. Barne- og familiehuset, samlokalisering av PPT, familiekontoret, interkommunal psykologteneste og Barnevernsamarbeidet.*

### **Sak 46/2010 Innspel til regionplan for reiseliv i Telemark.**

Kjell Gunnar Heggnes orienterte om korleis ein ynskte å arbeide for kome fram til ei høyringsuttale.

Det vart etterlyst klare måltal for reiselivsutviklinga i Telemark. Bør det vera måltal for heile Telemark eller bør det brytast ned på regionar. Viktig at planen femnar heile Telemark og at Vest-Telemark har ein sentral plass i denne. Vest-Telemarkregionen med eit sterkt reiseliv ynskjer å medverke i den vidare utviklinga av reiselivsplanen.

*Vedtak: Sekretariatsleiaren lagar, m.a. etter konkrete innspel frå kommunane, framlegg til høyringsuttale. Denne uttala vert sendt ut til rådsmedlemene før den vert sendt til Fylkeskommunen.*

### **Sak 47/2010 Innspel til regionplan for nyskaping og næringsutvikling**

Ein syner til orienteringa under sak 46/2010.

Her vart det og understreka at det er viktig at ein får eit tiltaksprogram som er tilpassa Vest-Telemark med sine små og mellomstore verksemdar

*Vedtak: Sekretariatsleiaren lagar, m.a. etter konkrete innspel frå kommunane, framlegg til høyringsuttale. Denne uttala vert sendt ut til rådsmedlemene før den vert sendt til Fylkeskommunen.*

### **Sak 48/2010 Vest-Telemark Kraftlag AS. Kommunanes representasjon i styret.**

Det vart referera til eit eigarmøte i VTK i 2009. Spørsmålet om styresamansetning i VTK må takast opp på generalforsamlinga i verksemda 22.06.2010

### **Sak 49/2010 Tema: Samferdsel/veg.**

Børge Skårdal frå AS Haukelivegen/VTNU orienterte om situasjonen i Telemark. Tunnelen Århus –Gvammen er det store prosjektet der ein arbeider fram mot Stortingshandsaming i 2012. Det er viktig å sikre tilstrekkeleg med planleggingsmidlar og at Stortinget går inn for den høge ramma.

Børge Skårdal la fram fylgjande framlegg til vedtak/uttale til Telemark FK:

*”Vest-Telemarkrådet viser til notat frå AS Haukelivegen(lagt ved) og ber Telemark fylkesting innarbeide følgjande som del av si høyringsuttale til Statens Vegvesen sitt budsjettforslag for 2011:*

*Telemark fylkesting er opptatt av at prosjektet Århus – Gvammen blir realisert i tråd med NTP 2010-2019 og handlingsplanen 2010-2013.*

*Skal det vere tilstrekkelege midlar til nødvendig forarbeid i 2011, slik som prosjektleiing, oppdatering av reguleringsplan, utarbeiding av sentralt styringsdokument og avrop på rammeavtale for gjennomføring av KS-2, må prosjektet bli tildelt midlar i tråd med høg ramme (HP-rammen) i budsjettforslaget. Konkret betyr dette at prosjektet må bli tildelt 10 mill kr i 2011-budsjettet.”*

*Samrøystes vedteke.*

Det vart vidare orientert om bompengeprojekta mellom Seljord og Åmot. Det vart lagt fram eit notat frå AS Haukelivegen dagsett 31.05.10 – Vegløyising Åmot aust(Åmot-Rogdeli). Prosjektet Tveitstrond vert gjennomført i 2012.

Rv 41: Utgreiingsarbeidet for Vest-Telemark er eigd av Vest-Telemarkrådet og vert utført av VTNU AS. Målet er å få midlar til dette i neste NTP periode.

Fylkesvegplan: Det er laga ein plan med utgangspunkt i kva som er realistisk. Vidare er det i tillegg laga ein plan for 20% auka ramme som inneber at fleire av dei frå Vest-Telemark si side prioriterte tiltaka kan realiserast.

Det vart lagt fram fylgjande framlegg til uttale til Statens Vegvesen:

”Vest-Telemarkrådet viser til notat frå AS Haukelivegen og ber Statens Vegvesen og kommunane Tokke og Vinje bidra til at prosjektet Åmot/aust blir innarbeidd i endeleg bompengoordning for strekninga Seljord-Åmot og i St. proposisjonen for same strekning saman med dei andre prosjekta på strekninga. Målet med dette er å kunna gjera ei samla prioritering på strekninga i tråd med opprinneleg intensjon og å harmonisere betalingsattsane viss det blir meir enn eitt betalingspunkt”.

Uttalen vart samrøystes vedteke.

Det vart understreka at Rv 41 er ein sær s viktig veg i reiselivssamanhang i høve til at Kristiansand er den viktigaste innfallsporten til Noreg frå kontinentet.

Frå fylkeskommunalt hald vart det understreka viktigheten av samarbeid med kommunane og at ein ynskte å få løyst dei flaskehalsane kommuneregionane har prioritert. Vonar på ei auka ramme til samferdsel på 50 mill.

Olav Veum frå VTNF gjorde greie for ei projektskisse dagsett 22.05.2010 – Strategisk arbeid mot ny Nasjonal transportplan – synleggjering av reelt transportarbeid i Telemark.

VTNF vil arbeide vidare med prosjektet og søke å få dette finansiert og realisert snarast råd.

Eilev Instanes frå Hardangervegen AS orienterte mellom anna om arbeidet med Jondalstunnelen. Tunnellen vil gje den raskaste vegen frå Odda til Bergen og bør koplatt mot E 134. Instanes understreka dei langsiktige strategiane og peika mellom anna på viktigheten av å vera klare og tydelege og halde fast på E 134 sin posisjon i NTP'en.

Ordføraren i Odda, Gard Folkvord understreka dei felles interessene Odda og Hardangerregionen har med Vest-Telemark. Dei ynskjer å utvikle eit pilgrimssenter i Røldal og ynskte at Vest-Telemark tok ansvar for pilgrimsleia som gjekk gjennom Vest-Telemark. Ynskte vidare å løfte fram reisa gjennom Sør Noreg, frå Oslo til Vestlandet, ned til Jæren og rundt Sørlandet.

Til slutt orienterte Ragnvald Christenson om pilgrimsvandringa. Prosjektet har auka i omfang og ein treng midlar til å vidareutvikle innhaldet i prosjektet.

Referent. Haldor Kaasin